

Eirik Tengesdal (og Victor Berrjod)

Innspel til høyringsframlegget

Dette er den siste freistnaden min på å påverka resultatet av normeringsarbeidet som har vorte gjort. Eg kjem ikkje til å kommentera høyringsframlegget i detalj, men eg kjem i hovudsak til å kommentera normeringsprinsippet.

Eg reagerer på prinsippi som nemndi har arbeidd ut frå. I “1.6.1 Prinsipp for arbeidet” i høyringsframlegget, kjem råmone for arbeidet klårt fram. Prinsipp nummer to, “*Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal bli ei nasjonal norm, ikkje regionale normer)*”, er det prinsippet som eg vil setja mest fokus på. Ein kan spørja seg kva nynorsk skal vera. Skal nynorsken verta tufta på det norske talemålet, eller skal den nye normi byggja på tidlegare utgåvor av den nynorske normi i tillegg til litt innslag av talemålet? Eg tykkjer sjølvstapt at me skal nytta same prinsippi som Ivar Aasen nytta, altså å laga eit samlande skriftspråk som er tufta på det sams systemet i alle dei norske målføri. Kvifor ser ein då ikkje på det flotte arbeidet som han gjorde? Det er klårt at det er ein stor føremon at skriftspråket er stramt og konsekvent, både for dei som skal læra det, skriva det og lesa det. Det burde vera ei stram norm som er samlande for alle dei norske målføri, og som er tufta direkte på dei (og ikkje på tidlegare normer).

Det er stor skilnad på å fjerna sideformer av same ordet, og å fjerna eit overordna, oversiktleg bøyingsssystem som i-målet. Det er mykje lettare å læra seg bøyingsssystem for heile ordklassar, enn å læra seg sideformer av fleire einskildord, same kor jamstelde dei er. I-målet er underrepresentert i tekstkorpuset nettopp av di det ikkje kan nyttast i offentlege instansar og liknande, og at i-målet er ålment lite kjent. Det kan hava ein avgjerande samanheng med at mange lærarar vel å ikkje nemna i-målet i det heile i norskundervisingi. Dette vert ein vond sirkel som no endar med at former som i utgangspunktet er heilt uproblematiske vert strokne.

Den same vonde sirkelen trur eg er det som fører til negative haldningar til former som er lite nytta i skrift. I-målet har røter heilt attende til norrønt, og vert framleis nytta i mange målføre, både på dei stadene som nemndi har lista opp, og au til dømes i Dalane i Sør-Rogaland. Å hava i-målet som eit jamstelt bøyingsssystem skadar ingen, tvert imot hadde ei slik norm vore meir inkluderande, og bidrege til å setja fokus på opphavet til dei ulike formene me finn i dei norske målføri i dag. Jamfør berre med a- og e-infinitiv.

Eg har skriva eit innlegg, på *Nynorsk 2011*-forumet, som mellom anna handla om å halda på i-målet. Der ligg au innlegg frå andre som er positive til det. Etter det eg kan sjå, har ikkje nemndi teke omsyn til desse argumenti når dei har gjort normeringsarbeidet; det verkar mest som nemndi rett og slett på førehand har gjort seg opp ei meining om at i-målet skal ut, og det nyttar ikkje kva andre folk seier. Då tykkjer eg det er dårleg gjort av nemndi å leggja opp til eit forum der deltakarane vert lurte til å tru at det dei faktisk bidreg med vert avgjerande for arbeidet. Dette ser ut til å serskild gjelda innlegg frå folk som ikkje meiner det same som nemndi. Nemndi har tidlegare freista svara på slik kritikk, der dei mellom anna dreg fram “manglande pedagogiske argument”. Eg personleg la vinn på å nytta nettopp pedagogiske argument då eg skreiv innlegget mitt, “Ja takk til i-mål!”.

Framlegget til den nye normi ser veldig ulogisk, uoversiktleg og inkonsekvent ut. Dette kjem mellom anna til synes i den sokalla vokalismen, der nemndi har vald å vera konsekvent i dei fleste høvi, men langt ifrå alle. Eg reagerer au på at nemndi mellom anna har vald å jamstella nokre av dei mange forvirrande formene av ordet *mogeleg*.

Eg tilrår med dette å avvisa høringsframlegget, og å halda på den gjeldande rettskrivingi fram til ein har normert nynorsk etter det sams systemet som ein finn i norske målføre i dag og som er nedarva frå norrønt.